

BREMANGER KOMMUNE

REGULERINGSPLAN FOR STEINBROT AKSLA

Del av gnr. 76 Hennøya

Reguleringsføresegner:

Jamfør plan- og bygningslova (pbl) kapittel 12

Planid.: 4648.2016.03

Dato: 13.02.2020. **Reviderte:** 09.02.2021. Rev pkt 2.6.2, 15.03.2021.

Vedtak: Kommunal- og distriktsdepartementet den 05.02.2024.

§ 1 GENERELT

Føresegnene gjeld for område som på plankartet er markert med plangrense. Innanfor denne avgrensinga skal arealet nyttast som vist i planen.

I samsvar med plan- og bygningslova kapittel 12 er areala regulerte til følgjande formål:

Bygningar og anlegg (pbl § 12-5 nr. 1)

- Steinbrot og masseuttak (BSM)
- Industri (BI)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 NR. 2)

- Veg (SV)
- Anna veggrunn (SVG)

Landbruks-, natur og friluftformål og reindrift (pbl §12-5 nr. 5)

- Landbruksformål (L)

Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (pbl §12-5 nr. 6)

- Hamneområde i sjø (VHS)
- Kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone (VKA)

Omsynssoner (pbl §12-6)

- Faresone, høgspenningsanlegg (H370)
- Ras- og skredfare (H310)
- Flaumfare (H320)
- Bandlegging etter andre lovverk (H740)

Føresegnsområder (pbl §12-7)

- Førsegnområde #1

Automatisk freda kulturminne ID 232593 skal være frigitt før utbygging.

- Førsegnområde #2

Område som må renskast og sikrast før BI5 og B16 vert tatt i bruk.

§ 2 FELLESE FØRESEGNER

2.1 Føresegnene gjeld innanfor ramma av plan- og bygningslova med tilhøyrande vedtekter for Bremanger kommune.

2.2 Når særskilde grunnar talar for det kan kommunen gjere unntak frå desse føresegnene innan reglane i plan- og bygningslova.

2.3 Drift av steinbrotet vert regulert av eigne lover og forskrifter. Detaljar om drift, sikring og istandsetting vert fastsatt gjennom søknad om driftskonsesjon etter Minerallova.

2.4 Tunnelinnslag mot Frøysjøen må plasserast innanfor BI5.

2.5 Rekkefølgekrav

2.5.1 Kulturminne # 1 skal være frigitt av kulturmynda før oppstart i BI5, BI6, SV og SVG.

2.5.2 Reinsking og sikring innanfor føresegnområde #2 skal vere gjennomført før igangsetjing av tiltak i industriområde BI5 og BI6. Rassikringstiltak skal vera prosjektert, utført og dokumentert av fagkyndig .

2.5.3 Område over tunellen skal sikrast mot skred før BSM3 kan takast i bruk. Rassikringstiltak skal vera prosjektert, dokumentert og utført av fagkyndig.

2.5.4 Naudsynte rassikringstiltak i høve til føresegn 7.2 skal gjennomførast før bruksløyve vert gitt for industriområde BI5, BI6 og veg SV. Rassikringstiltak skal vera prosjektert, dokumentert og utført av fagkyndig.

2.5.5 Naudsynte rassikringstiltak må utførast ved etablering av skråningar og sprengte skjeringar i BI5, før veg SV og industriområde BI5 og BI6 vert tatt i bruk. Rassikringstiltak skal vera prosjektert, dokumentert og utført av fagkyndig.

2.5.6 Utfylling i sjø skal skje på ein måte som minimerer risiko for skade og /eller ulempe for det maritime miljø. Tiltak skal vurderast i samråd med fagkyndig og gjerast i samsvar med krav sett i utslippløyve frå Fylkesmannen.

2.5.7 Det skal utarbeidast ein brannberedskapsplan i samråd med Bremanger kommune som skal godkjennast før anlegget tas i bruk.

2.5.8 Det skal før steinbrotet kjem i drift, etablerast tilstrekkeleg dimensjonerte sedimenteringsbasseng for sedimentering av avlaup frå steinbrotet før dette går til vassdraget med Skorabovatnet. Det skal etablerast gode rutinar for drift og vedlikehald av sedimenteringsbassenga.

2.6 Krav om oppfyljande undersøkingar (pbl 12-7).

2.6.1 Ved søknad om løyve til tiltak må det dokumenterast at tiltaket kan tole forventta vindlast.

2.6.2 Det må utarbeidast eit overvakingssystem for miljøtilstanden i Skorabovatnet, vassdraget nedstraums og Frøysjøen. Dersom målingane viser høgare nivå enn det som er tillate i forhold til utslippløyve må det iverksettast ytterlegare tiltak som hindrar at partiklar frå steinbrotdrifta spreier seg til vassførekomstane *0282010100 Frøysjøen* og *086-276-R Elv frå Skorabovatnet*. Slike tiltak skal iversettast i samråd med forureiningsmynden. Overvakingssystemet og utslippløyvet må omfatte nødvendige parameter for å vurdere økologisk tilstand, og om nødvendig også kjemisk tilstand.

2.6.3 Det skal gjennomførast eit måleprogram for å måle nedfallet av støv ved dei nærmaste naboane i Hennøystranda. Detaljane i eit slikt måleprogram vert fastsett av Fylkesmannen.

2.6.4 Det skal før oppstart i BSM2 iverksettast tiltak som overvakar brønnane til hyttene på bnr. 14 og 17. Overvakingsprogrammet bør omfatte fastsetting av kjemisk og kvantitativ tilstand, i samsvar med vassforskrifta § 6.

2.7 Avslutning

Etter avslutning av drifta vert arealformål tilbakeført til NLF område. I søknad om driftskonsesjon skal det settas ein frist for når for oppryddingsarbeidet skal vere avslutta.

§ 3 BYGNINGAR OG ANLEGG

(pbl § 12-5 nr. 2)

3.1 Steinbrot og masseuttak. (BSM1, BSM2 og BSM3)

3.1.1 I området vert det tillate sedimenteringsanlegg, uttak, knusing, transport og lagring av stein.

3.1.2 Dei første 40 meter inn i brotet skal være ei overgangssone. Øvste brotkant skal skråsprengast med fall 1:2 i 10-15 meter slik at nytt terreng dannar ein jamn overgang til eksisterande terreng.

3.1.3. Det skal innanfor overgangssona leggest til rette ei sone som er tilgjengeleg for forsvarleg ferdsel etter avslutta uttak, for oppføring og vedlikehald av sikringstiltak kring steinbrotet.

3.1.4 Innfor overgangssona skal det settas i verk nødvendige sikringstiltak (gjerde eller tilsvarande) for å hindra at dyr (også vilt, til dømes hjort) og menneske tar seg inn i brotet eller skadar seg under drift eller seinare.

3.1.5 Når uttak av stein vert avslutta, kan steinbrotet inkludert overgangssona, nyttast til utlegging av stadeigne massar frå drifta.

3.2 Steinbrot og masseuttak. (BSM1)

Kanten på Steinbrotet skal ligge på om lag kote 420. Lågaste nivå i steinbrotet skal, etter at brotet er avslutta, ikkje vere under omlag kote 180.

BSM1 er ein del av Dyrstadbrotet. Driftsplan for Dyrstadbrotet er utarbeidd og gjeld for dette området.

3.3 Steinbrot og masseuttak. (BSM2)

Kanten på steinbrotet skal følgje dei naturlege terrengkotene så langt praktisk mogleg. Brotkanten skal følgje terrenget i størst mogeleg grad til det flater ut på om lag kote 420. Lågaste nivå i steinbrotet skal ikkje vere lågare enn om lag kote 180. Det vert tillate mobilt knuseverk og midlertidige lagerhaugar for stein innanfor feltet. Mobilt knuseverk skal støyskjermast slik at støyulemper for omgivnadane vert redusert i størst mogeleg grad.

3.4 Industri (BI 1-4)

Infrastruktur og andre tiltak skal samordnast, slik at inngrep blir minimaliserte. Det kan byggast vegar innanfor industriområda. Anleggsvegar må ikkje etablerast lågare enn kote +390. Områda opnar for etablering av sedimentasjonsbasseng jfr pkt 2.5.8.

3.5 Industri. Deponi av fjellreinskemasse (BI1 og BI3)

I området kan det etablerast deponi av fjellreinskemasser, massar frå vedlikehald av sedimentasjonsbasseng, og andre massar som ikkje kan nyttast i produksjonen. Når uttak av stein vert avslutta i eksisterande brot, skal massane flyttast til steinbrotet. Plan for dette skal visast i søknad om driftskonsesjon. Anleggsveger må ikkje etablerast lågare enn kote +390. Deponimassar skal ikkje være høgare enn 10 meter. Dei skal jamnast, og sedimenteringsmassar skal revegeterast med stadeigen vegetasjon, evt ved påføring av eigna masse.

3.6 Industri. Anleggsområde (BI2)

I området kan det oppførast bygningar og anlegg knytt til verksemda, som velferdsbygg, verkstad og vaskehall. Fargebruk på bygg skal vurderast i forhold til fjernvirkning. Elva som renn gjennom området er ein del av sedimenteringsløyisinga for tilgrensande steinbrot på Setrefjellet, og må takast omsyn til i den vidare planlegginga. Tiltak innanfor formålet må ikkje etablerast lågare enn kote +390. Byggjegrænse mot vassdraget er samanfallande med avgrensing av omsynssone flaum.

3.7 Industri. Sedimentering (BI4)

Overflatevatn frå steinbrotet BSM2 kan leiast til Skorabovatnet etter at det har vore sedimentert i kunstige sedimentasjonsbasseng jfr pkt 2.5.8. For BSM1 gjeld eigen driftsplan og utseppsløyve. Anleggsveger må ikkje etablerast lågare enn kote +390. Byggjegrænse til vatn og vassdrag er 30 m frå ytste elvekant og frå vasskant.

3.8 Industri Utskipingsområde (BI5)

I området kan det oppførast bygningar, anleggsvegar og anlegg knytt til verksemda, og lagrast stein til utskipping. Tiltak og inngrep skal samordnast og minimaliserast mest muleg. Bygningar og anlegg skal planleggjast slik at dei er best muleg tilpassa landskapet i høve formgjeving, materialbruk og fargebruk. Vegar, tunnelsjaktopning, skredsikringstiltak og andre terrenginngrep skal detaljprosjekterast, slik at det framgår omfang av tiltaket. Søknader om tiltak skal ha målsette terrengsnitt. Det skal sikrast høg kvalitet i gjennomføring av tiltak, for at inngrep i landskap og naturtype med raudlistearter, blir så lite som råd. For illustrert veg bør det planleggjast med muring mot sjø, framfor plastra fylling. Byggjegrænse mot sjø er 2 m.

Før oppstart av anleggsarbeid skal areal med registrerte sårbare artar sikrast med fysisk avgrensing som gjerde eller liknande. Nedste kote for opparbeiding av ferdig terreng skal ikkje ligge lågare enn kote + 2,5. Med opparbeiding av terreng vert her meint vegflate og industriområdet elles. Bygningar innanfor formålet skal ikkje plasserast lågare enn kote +3,0.

3.9 Industri utfyllingsområde (BI6)

I området kan det oppførast bygningar, anleggsvegar og anlegg knytt til verksemda, samt lagrast stein til utskipping. Det vert tillate utfylling i sjø innanfor formålet. Utfylling av landareal skal ha ei ryddig avslutning mot sjø. Topp kote på arealet skal ikkje vere lågare enn kote + 2,5. Bygningar og anlegg skal planleggjast slik at dei er best muleg tilpassa landskapet i høve formgjeving, materialbruk og fargebruk. Bygningar innanfor formålet skal ikkje plasserast lågare enn kote +3,0. Det er tillate bygg med mønehøgde på maks 5 meter. Landarealet skal dimensjonerast for å tole påkjenningar frå tidevatn, stormflo og framtidig havnivåstigning. Det vert vist til rekkefyljekrav for utfylling i sjø i føresegn 2.5.6. Byggjegrænse mot sjø er 0 m.

4. SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (pbl § 12-5 NR. 2)

4.1. Veg (SV)

Veg SV skal ferdigstillast med breidde og kurvatur som angitt på plankartet. Veg skal detaljprosjekterast slik at det blir minst muleg inngrep, og det skal sikrast høg kvalitet i gjennomføring for å oppnå dette. Før oppstart av anleggsarbeid skal areal med registrerte sårbare artar sikrast mot anleggsskadar med gjerde eller liknande.

4.2. Annan veggrunn (SVG)

Innanfor formålet kan det etablerast nødvendige skjeringar, fyllingar, grøfter og anna som krevjast for å bygge vegkroppen. Veg skal detaljprosjekterast slik at inngrep blir minst muleg, og det skal sikrast høg kvalitet i gjennomføring for å oppnå dette. Før oppstart av anleggsarbeid skal areal med registrerte sårbare artar sikrast mot anleggsskadar med fysisk avgrensing som gjerde eller liknande.

5. LANDBRUKS-,NATUR OG FRILUFTSFORMÅL OG REINDRIFT (pbl §12-5 nr. 5)

5.1 Landbruk, natur og friluftsområde (L1,L2)

Områda kan nyttast til landbruks-, natur- og friluftformål. Innanfor desse områda skal dagens vegetasjon oppretthaldast, og det skal ikkje gjerast terrenginngrep. Det vert tillate etablering av naudsynte skredsikringstiltak innanfor L1. Det vert tillate etablering av naudsynt graving for og etablering av overbygning for tunnel innanfor L1. Sikringstiltak og tunneloverbygning skal prosjekterast slik at inngrep blir så lite som råd.

5.2 Natur og friluftsliv (L2)

Traseen som ligg i L2 skal vere open for allmenn ferdsel og vere bindeleddet mellom aust- og vestsida av brota.

6. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE (pbl §12-5 nr. 6)

6.1 Hamneområde i sjø (VHS)

Utskipingsområdet i sjø skal nyttast til lasting og lossing av stein, samt trafikkområde for lastebåtar. Det vert tillate oppføring av faste og flytande fortøyingsinstallasjonar for skip, inkludert forsterkning av fortøyningane til land. Det kan ikkje settast opp andre gjenstandar i området som kan hindre manøvrering av lasteskipa.

6.2 Kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone (VKA)

Område VKA skal nyttast til fylling i sjø, fyllingsfot for utfylt areal. Det vert vist til rekkefyljekrav for utfylling i sjø føresegn 2.5.6.

7. OMSYNSSONER

(pbl §12-6)

7.1 Faresone, høgspenningsanlegg (H370)

Tiltak innanfor omsynssona og sprenging nær linja må avklarast med eigar av anlegget. Sprenging nær linja må gjerast med ekstra aktsemd. Beltet for lina er 20 meter, 10 meter til kvar side frå senter av leidningsanlegget.

7.2 Ras og skredfare (H310)

Innanfor omsynssona kan det ikkje gjennomførast byggetiltak før det eventuelt er gjennomført risikoreduserande tiltak. Desse tiltaka må sikre at tilstrekkeleg tryggleik i samsvar med dei respektive sikkerheitsklassane i TEK17 er nådd. Det vert vist til geologirapport 616695-RIGberg-RAP-001 for tiltak, Multiconsult, datert 10. januar 2020.

7.2.1 H310_1 er fareområde i sikkerheitsklasse S1, sannsyn for skred $\geq 1/100$.

7.2.2 H310_2 er fareområde i sikkerheitsklasse S2, sannsyn for skred $\geq 1/1000$.

7.2.3 H310_3 er fareområde i sikkerheitsklasse S3, sannsyn for skred $\geq 1/5000$.

7.3 Flaumfare (H320)

I området H320 er område med flaumfare, berekna 200 års flaum med klimapåslag. Det vert ikkje tillate med bygging innanfor flaumsona før det eventuelt er gjennomført risikoreduserande tiltak. Desse tiltaka må sikre at tilstrekkeleg tryggleik i samsvar med dei respektive sikkerheitsklassane i TEK17 er nådd.

7.4 Bandlegging etter andre lovverk (H740)

Område for kraftleidning med anleggskonsesjon etter energilova. Beltet for lina er 29 meter, 14,5 meter til side frå senter av leidningsanlegget. Tiltak innanfor omsynssona og sprenging nær linja må avklarast med eigar av anlegget.